

Til

29. juni 2017

## Regionrådet for Midt-Gudbrandsdalen

### Søknad om økonomisk stønad til reguleringsplanarbeid regionanlegg for hopp i Jordalen

Gåå idrettsanlegg vil med dette søkje om økonomisk stønad til reguleringsplanarbeidet i samband med nytt regionanlegg for hopp i Jordalen i henhold til Interkommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2015-18.

#### Anlegget:

Det har i lang tid vore arbeidd med alternativ til Børebakken og Lobakken som regionalt hoppanlegg for Midt-Gudbrandsdalen. I Midt-Gudbrandsdalen er det eit aktivt hoppmiljø. Dette miljøet treng eit moderne og oppgradert hoppanlegg, noko som er viktig for å kunne halde oppe aktiviteten og rekrutteringa. Hoppmiljøet har i dag eit hoppanlegg i Lobakken på Vinstra. Dette er gammalt og umoderne, i tillegg til at leigeavtalen med grunneigar utgår i 2020. Det er derfor nødvendig å få på plass eit nytt hoppanlegg i Midt-Gudbrandsdalen. Hovudårsaka er eit ønskje om å bevare hoppmiljøet, styrke rekrutteringa og gi eit tilbod også innafør denne idretten i kommunane våre.

*Eit svært viktig aspekt er at Gåå idrettsanlegg er tildelt Hovudlandsrennet i 2019. Dersom Gåå idrettsanlegg skal kunne gjennomføre arrangementet er ein heilt avhengig av å få bygd nytt anlegg. Hovudlandsrenn fordrar skihopping i 70-metersbakke. Det er viktig å merke seg at eit anlegg tilsvarande det som er planlagt i Jordalen ikkje finst annan stad i Oppland.*

Jordalen ligg på vestsida av Gudbrandsdalen om lag 5 kilometer sør for Vinstra, på grensa mellom Nord-Fron og Sør-Fron. Hoppanlegget ligg mot nordvest, i eit snøsikkert område 500 moh.

Anlegget har fått idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning på bakgrunn av arbeidet som er gjort så langt.

Førhandsgodkjent plan er utarbeidd etter krav frå Kultur- og kyrkjedepartementet og i henhold til «Veileder planlegging, bygging og drift av hoppanlegg». Anlegget vil også bli bygd etter denne vegleiaren og etter plan- og bygningslova. Norconsult er hyra inn i samband med prosjekteringa.

Våren 2017 gjekk prosjektet inn i ei ny fase som følgje av tildelinga av Hovudlandsrennet 2019 til Gålå idrettsanlegg.

*Da vart det danna ny prosjektgruppe som består av følgjande personar:*

Asbjørn Stensrud, leiar

Ole Tvette Muriteigen, styreleiar i Gålå idrettsanlegg

Torfinn Scheie, Sør-Fron IL

Sigbjørn Dalseghagen, Sør-Fron IL

Atle Kolloen, Tormod skilag

Egil Brenden, Harpefoss IL

Bjørn Sletten, Vinstra IL

#### **Økonomi:**

Anlegget er delt opp i to byggetrinn fordelt på to tippemiddelsøknader.


Det er nedlagt mellom om mellom 300-400 dugnadstimar hittil i tillegg til noko lønna arbeid. Dette har vore dekt av tidlegare tildelte midlar frå Regionrådet for Midt-Gudbrandsdalen og frå dei tilknytte idrettslaga som alle har gått inn med betydelege midlar i arbeidet.

Per i dag har idrettslaga stilt 875 000,- til rådighet for arbeidet med fyrste byggetrinn (70-metersbakken), men i og med at har vore nøydd til å utarbeide reguleringsplan for området, eit arbdeid som blir fullført av Norconsult i juli/august 2017, er det behov for kapital for å finansiere denne delen av arbeidet.

#### **Søknad:**

Gålå idrettsanlegg, v/prosjektgruppa for nytt hoppanlegg i Jordalen, søker med dette Regionrådet for Midt-Gudbrandsdalen om økonomisk bidrag på kr 130 000,- til reguleringsplanarbeidet.

For prosjektgruppa,



Asbjørn Stensrud, leiar

asbjorn1977@gmail.com tlf: 926 47 906